

Introduksjonskurs i kajakpadling under Festidalen.

26.06.2017



Padling er ein flott og populær aktivitet.

Tilboda under Festidalen vert stadig utvikla og utvida. I år kan dei som ønskjer det få lære å padla kajakk og læra meir om kajakteknikk. Kvinnherad Turlag, DNT Ung Kvinnherad og Festidalen arrangerer nemleg introduksjonskurs i kajakpadling lørdag 5.august. Oppmøte er på Sandakaien kl.10, og påmeldingsfristen er 3.august.

Arrangørane skriv at kurset høver godt for nybegynnara, eller evt. for dei som har padla ein del, men vil læra meir om tryggleik, utstyr, enkel padleteknikk og kameratredning. Det vil vera mogleg å ta Norges Padleforbund sitt 'Våttkort'.

Arrangørane har kajakkar til leige. Dei som ønskjer å leige kajakk, må du ta kontakt med Sverre Myklebust på tlf. 90187436.

Pris: Kursavgift kr. 150,- for medlemmer i DNT og kr. 250 for ikkje-medlemmer. Våttkort (valfritt): 200 kr.
Leige av kajakk m/utstyr: 250 kr. Leige av våtdrakt: 50 kr.

Instruktørar er Øyvind Hatteberg og Sverre Myklebust.

Påmelding via Kvinnherad Turlag sine nettsider som de finn ved å klikka [HER](#).

Illustrasjonsfoto og nett: Thor Inge Døssland

Tekst: Arrangørane og Thor Inge Døssland